



Saksbehandlar: Eva Moberg, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/9100-3

Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2018

Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slike vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek brevet frå Riksantikvaren av 24.11.17 om prioriteringar for kulturminneforvaltninga i 2018 til vitande.
2. Fylkeskommunen føreset at staten kompenserer for dei oppgåvane som vert overførte frå Riksantikvaren.
3. Fylkeskommunen vil, i årets budsjett- og økonomiplanprosess og parallelt med at nye oppgåver vert vedteke overførte frå staten/Riksantikvaren, vurdere eigen kompetanse og bemanning på området. Vi vil i dette arbeidet halde naudsnyt kontakt med Hordaland fylkeskommune.

Vedlegg:

1. Prioriteringsbrev frå Riksantikvaren, datert 24.11.17
2. Tilråding frå Riksantikvaren til Klima- og miljødepartementet, datert 28.06.17

Andre relevante dokument i saka:

1. Kompetanse- og bemanningsoversikt frå Riksantikvaren, datert januar 2018

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Vedlagt ligg årleg prioriteringsbrev frå Riksantikvaren. I brevet gjer Riksantikvaren greie for nasjonale mål og prioriteringar for kulturminneforvaltninga slik desse er omtalt i politiske styringsdokument og i statsbudsjettet for 2018.

Riksantikvaren viser til at det mest sentrale tema i kulturminneforvaltninga framover vil vere regionreforma og delegering av oppgåver til regionalt folkevald nivå. Riksantikvaren har sendt ei tilråding om framtidig ansvars- og oppgåvefordeling for dei nye regionane til Klima- og miljø-departementet (vedlegg 2). Departementet vil sende denne på høyring til fylkeskommunane, inkludert utkast til ny ansvarsforskrift. Høyringa er forventa medio februar 2018.

Den årlege politiske handsaminga av denne saka går som tilbakemelding til Riksantikvaren.

2.Riksantikvaren sine prioriterte oppgåver

Riksantikvaren gjev i prioriteringsbrevet greie for prioriterte satsingsområde på bakgrunn av Statsbudsjettet for 2018, Stortingsmelding 35 (2012-13) og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging som er gjevne i kongeleg resolusjon.

Følgjande område har særleg relevans for våre prioriteringar i 2018:

Regionreforma og delegering av oppgåver til regionalt, folkevald nivå:

Regionreforma og den nye ansvarsdelinga i kulturminneforvaltninga vil representere store endringar for fylkeskommunane. Sjølv om den framtidige ansvars- og oppgåvedelinga enno ikkje er vedteken, er det venta at ei rekke nye oppgåver vert delegert til regionalt nivå.

Hovudprinsippet vil vere at Riksantikvaren reindyrkar rolle som fredingsstyresmakt og klageorgan, beheld motsegnsmyndet etter gitte kriterium, og i tillegg vidarefører overordna tilskotsforvaltning med rammetildeling til regionalt nivå. Utover dette ynskjer Riksantikvaren at førstelineansvaret skal leggast til regionane, men unnatak av ansvaret for kulturminne av internasjonal eller særleg stor nasjonal verdi.

Følgjande oppgåver er tilrådd av Riksantikvaren for delegering til regionane frå 1.januar 2020:

- Mynde til å fatte vedtak om dispensasjon etter kml § 8.1.ledd og uttale etter kml § 8.4.ledd (gjeld automatisk freda kulturminne)
- Ansvar for kyrkjestedane frå mellomalderen (utanfor mellomalderbyane). Kan vurderast overført allereie frå 2018.
- Mynde etter kml § 8.3.ledd til å fatte vedtak om retting eller tilbakeføring (gjeld automatisk freda kulturminne)
- Dispensasjonsmynde for ruinar frå mellomalderen (med unnatak av ruinane som ligg i dei frie store mellomalderbyane Tønsberg, Oslo, Trondheim og Bergen).
- Forvaltningsmynde for profane mellomalderbygningars (som stabbur, loft, stover mv.).
- Forvaltningsmynde for statens sine forskriftsfreda kulturhistoriske eigedomar, med unnatak av kulturminne av særleg stor nasjonal verdi.
- Forvaltningsansvaret for dei verne fartøya. Kan vurderast overført allereie i 2018.
- Tilskotsforvaltning for brannsikring av tette trehusmiljø.

Når det gjeld spørsmål om forvaltning av kulturminneomsyn i kyrkjene, har departementet avgjort at dette må utsetjast til andre naudsynte avklaringar er gjort internt i den nye kyrkjeordninga.

Riksantikvaren ber fylkeskommunane setje i gong tiltak for å styrke forvaltninga på kulturminnefeltet, og legge til rette for overføring av ansvar og oppgåver. Ein føresetnad er at fylkeskommunane bygger opp kompetanse og kapasitet på dei områda dei vil få ansvar og mynde for i framtida. Slik oppbemanning må starte i god tid før 2020. Riksantikvaren peikar på at nokre fylkeskommunar i dag har utfordringar i høve kapasitet og kompetanse på einskilde område, særleg innafor bygningsvern og arbeidet med øvrige nyare tids kulturminne. Dei finn dette urovekkande og meiner det vil kunne vanskeleggjere overføring av oppgåver og funksjonar til regionalt nivå. Riksantikvaren har utarbeidd ein rettleiande kompetanse- og bemanningsmal for å synleggjere saksomfang og kompetansebehov i dei ulike fagområda i kulturminneforvaltninga. Denne er meint å gje fylkeskommunane eit underlag til å vurdere no-situasjonen opp mot framtidig behov for kompetanse og kapasitet når nye oppgåver vert overført. Riksantikvaren førebrur i tillegg ein omfattande opplærings- og kompetaseoverføring til fylka.

Forvaltning av verdsarvområda:

Riksantikvaren ynskjer at regionalforvaltinga skal bidra til *beste* praksis i forvaltninga av verdsarvstadene og viser til fjorårets prioriteringsbrev om skjerpa forvalningspraksis i alle ledd. Riksantikvaren ynskjer at regionalforvaltninga skal involvere seg sterkare i alle typar areal-planarbeid som berører verdsarven og gje dette høgaste prioriteten.

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse:

Riksantikvaren har sett i gong etablering av eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA). Prosjektet skal gjennomførst i tett samarbeid mellom Riksantikvaren og regional kulturminneforvaltning. Riksantikvaren vil støtte arbeidet til fylkeskommunane med eit visst økonomisk bidrag (100 000 kr. pr. fylke) men det vert forventa at fylkeskommunane også bidreg med eigne ressursar.

3. Fylkesrådmannen sine vurderingar

Regionreforma og delegering av oppgåver til regionalt, folkevald nivå:

Det ligg føre klare signal om ny ansvarsdeling i kulturminneforvaltninga frå 1.januar 2020 og at dette vil omfatte delegering av fleire større kulturminneoppgåver frå statleg til regionalt nivå. Fylkesrådmannen viser også til ekspertutvalet si tilråding om overføring av oppgåver frå stat til fylkeskommune (1.02.18).

Fylkesrådmannen meiner det er nødvendig å førebu seg på overtaking av desse oppgåvene og at det er kritisk å sikre at nødvendig kapasitet og kompetanse er på plass til 1.januar 2020. Det vil også vere naturleg å vurdere desse utfordringane som del av samanslåinga med Hordaland.

Fylkesrådmannen vil også vise til den nyleg gjennomførte forvaltningsrevisjonen av kulturminne-forvaltninga i Sogn og Fjordane, der det vart avdekkja manglande oversikt over regionalt viktige kulturminne i fylket og ein utfordrande ressurssituasjon knytt til handtering av nyare tids kultur-minne. M.a. vart det peika på manglande arkitektfagleg kulturminnekompesitansen. I tillegg krev arkeologidelen, både skjøtsel, tilrettelegging og ikkje minst feltarbeidet kapasitet utover det fylkeskommunen har i dag. Sogn og Fjordane fylkeskommune har heller ikkje teknisk fartøyvernkompetanse. Dersom sistnemde vert overført til fylkeskommunane allereie frå 2018, kan det vere aktuelt å vurdere eit samarbeid med Hordaland.

Forvaltning av verdsarvområda:

Forvaltninga av verdsarvområda Vestnorsk Fjordlandskap og Urnes stavkyrkje har høg prioritert i fylket vårt. Fylkesrådmannen viser her til tilbakemelding frå fjarårets prioriteringsbrev med omtale av Sogn og Fjordane fylkeskommune sin oppfølging av verdsarven. I 2018 er det kome på plass eit verdsarvråd for Urnes med politisk oppnemnde medlemmar.

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse:

Fylkesrådmannen meiner det er føremålstenleg at det i 2018 vert sett i gong arbeid med kartlegging av kulturhistoriske landskap av nasjonale interesse (KULA).

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner at dagens kompetanse og kapasitet på kulturminnefeltet ikkje er tilstrekkeleg når vi skal overta nye delegerte kulturminneoppgåver frå staten frå 2020. Vi må, parallelt med at nye oppgåver vert vedteke overført, difor få kartlagt kompetanse og bemanningsbehov slik at vi kan ivareta ein forsvarleg forvaltning og tenesteyting på området.

I dette arbeidet må vi kunne nytte Riksantikvaren sin rettleiande mal for naudsynt kapasitet og kompetanse. I praksis bør arbeidet knytast opp mot årets budsjett- og økonomiplanprosess. Vi bør i arbeidet og halde naudsynt kontakt med Hordaland fylkeskommune.

Tilsvarande førebuingsarbeid vil og vere aktuelt å starte opp/gjennomføre innafor andre saksfelt.